



Kenneth Hodneland
Vabøvegen 166 A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1760 - 18/35339

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2018

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 21.11.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

«PMU tar ikkje klagen frå Fylkesmannen til følgje, og gir løyve til opparbeiding av tilkomstveg til fritidsbustad til gnr./bnr 100/13. PMU gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til tiltak i LNF-område og dispensasjon frå §5.5 i kommuneplanen.

Vegen skal etablerast utan vegskulder utan store terrenginngrep og utan at tiltakshavar skiljer vegen frå beiteområde med gjerder. Tiltakshavar skal setje opp tenleg skilje mot den kommunale vegen som f.eks. grind eller ferist.

PMU har vore på synfaring på omsøkt tiltak 21.11.2018.

Det er smått med parkeringsplassar i den kommunale vegen. Dette er ein smal veg med mellom anna skulebusstrafikk til og frå Vabø. I samband med transport og parkering i samband med fritidsbustaden vil det vera ein stor føremon med opparbeiding av omsøkt tilkomstveg, og på den måten få bilar bort frå vegskuldra. Dette vil vera ei føremon for tryggleiken til alle typar trafikantar på den kommunale vegen.

Utvalet ser tydeleg i saka og på synfaringa at landbruket har store føremoner med å få betra tilkomst til drift av beiteområdet. Det er begynnande attgroing i beiteområdet, og vi ser at areal som går med til etablering av veg vil kunna erstattast av reetablering av beitemark ved moglege tilkomst med moderne landbruksutstyr. Uttale frå gardbrukaren som nyttar området er at det er gunstig å leggje ein veg midt over området, slik som omsøkt, då han får lettare tilkomst til større delar av beiteområdet. Det er også sendt epost til tiltakshavar om at areal som går med til opparbeiding av veg kan verte erstatta av utviding av beiteområde i nordenden av beiteområdet. Området er ikkje vesentleg brukt av andre enn gardbrukar og tiltakshavar, og veg vil ikkje vere til ulempe for nokon av dei involverte. Summen av areal til beitemark vert, ut frå informasjon i saka, i sum ikkje redusert i området.



Når vegen vert opparbeida med minimalt med terrenginngrep utan vegskuldre vil den ikkje vere eit skilje for dyra på innmarksbeitet. Dyra kan fritt bevega seg over vegen til og frå begge sidene av beitet. Tiltakshavar er tydeleg på at dei ikkje ynskjer å setje opp gjerde langs tilkomstvegen.

Landbrukssjefen i kommunen har i brev av 28.02.2018 ingen innvendingar til vegbygginga i og med at den kan nyttast til landbruksdrift på begge sidene av vegen.

Det synes paradoksalt at ein veg som mest truleg ville kunne vorte opparbeida som landbruksveg dersom det er dette det hadde vorte søkt om, får nei når det vert søkt om som tilkomstveg til fritidsbustad. Landbruket får med dette tiltaket ein veg som har positiv verknad for drift av landbruket utan kostnadar for gardbrukaren. Tiltaket er drøfta på individuelt grunnlag og skaper dermed ikkje automatisk presedens for eventuelle søknadar om tilkomstvegar til andre fritidsbustadar i kommunen.

Etablering av den omsøkte tilkomstvegen er positiv for:

- tilkomst til vedlikehald og drift av landbruksarealet også i forhold til klimautvikling.
- trafikktryggleig med parkering andre stadar enn i vegskuldra på den kommunale vegen.
- det vil vere god dyrevelferd, godt for dyr å forflytta seg og å opphalda seg på veg.

Utvalet ser ingen ulemper med opparbeiding av den omsøkte tilkomstvegen.

Ut frå ei samla vurdering ser PMU at omsynet bak planen og føresegnene til planen ikkje er vesentleg sett til side og at føremonane med tiltaket er klårt større enn ulempene med ikkje å etablere denne vegen.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland ved setjefylkesmann for endeleg avgjerd.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Mottakarar:
Kenneth Hodneland

Vabøvegen 166 A 5955

LINDÅS